

Forskrift om frist for spreining av gjødsel av organisk opphav, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane

Heimel: Fastsett av Lærdal kommunestyre 21. juni 2012 med heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd, jf. lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)

1. *Føremål*
Føremålet med forskrifta er å sette ein lokal frist for spreining av husdyrgjødsel på grasmark utan nedmolding om hausten.
2. *Verkeområde*
Forskrifta omhandlar alt jordbruksareal i Lærdal kommune.
3. *Spreiingsfrist*
Siste frist for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding er 30. september.
4. *Iverksetjing*
Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.